# Norge vårt Norge

**Blandet kor**

Tone: Randolv Kjellevold
Harm: Mons Leidvin Takle

Tekst: Trygve Bjerkreim




**Norge, vårt Norge,, du allfagre land,**
**Eg ser deg med snøkledde tindar.**
**Du stig frå den sundrivne, stormherja strand,**
**Der havet vert vogga av vindar.**
**Eg ser dine skogar og sjøar og fjell.**
**Du lysnar mot daggry, og mørknar mot kveld.**

**Norge vårt Norge, du allfagre land,**
**Der fedrane rugge og bygde**
**Her tendest i hjartet den heilage brand.**
**Dei sæle på Kvistekrist trudde.**
**Dei onna og yrka til soli gjekk ned.**
**I tru og i von gjekk dei herfra i fred.**

Norge, vårt Norge, du allfagre land,
Me takkar vår Gud for den gåva.
Den skatten er større enn ana me kan.
Me difor vil skaparen lova.
I Norge, vårt land, vil me byggja og bu,
Og sistpå gå herfra i sigrande tru.

# EIN SALME OM HIMLEN

Tone;Randolv Kjellevold

Tekst: Trygve Bjerkrheim




2. Syng meg ein salme om himelen,
Der Jesus ein heim har meg vunne.
Der visning og vonløysa ikkje er til,
Ei æveleg livssol har runne.

3. Syng meg ein salme om himlen,
Der sjukdom er berre eit minne.
Der aldri, nei aldri eg døden skal sjå,
Men æveleg liv skal eg finne.

4.Syng meg ein salme om himlen.
Der Herre, min Gud, eg skal skoda.
Der åndi til randi er fylt av Guds liv,
Ei æveleg lukke skal råde

# Brødet frå himmelen

Tone:Randolv Kjellevold

Tekst Trygve Bjerkrheim




2. I Kristus du gjev oss alt det som me tarv
for tidi, og so for all æva.
Hav takk for den herlege, himmelske arv
som nådig du ville oss gjeva.
For det vil me høglova Herren.

3. Og so vil me dela vårt brød med vår bror
som hungrar og tyrstar på ferdi.
Me gjev dei ditt evige levande ord,
det einaste livsbrød i verdi.
For det vil me høglova Herren.

4. I herlegdom, Herre, du fyller vår trong.
So treng me 'kje syrgja og syta.
Me takkar deg, Herre, at gong etter gong
me brødet frå himlen får bryta.
For det vil me høglova Herren.